



POLITIET

Kommunar i Vest politidistrikt

VEST POLITIDISTRIKT

<Gradering>, <Paragraf>

Dykkar referanse:
<Dykkar ref>

Vår referanse:
201606272-94

Stad, Dato:
Bergen, 27. april 2017

Fastsetjing av administrasjonsstad for Vest politidistrikt sine geografiske driftseiningar og tenesteeiningar

Administrasjonsstad for Vest politidistrikt sine tre geografiske driftseiningar (GDE) og tenesteeiningar (lensmanns- og politistasjonsdistrikt) er no fastsett.

Administrasjonsstad for dei geografiske driftseiningane vil bli:

- Førde i Sogn og Fjordane driftseining
- Voss i Hordaland driftseining
- Bergen sentrum i Bergen, Sotra, Askøy og Øygarden driftseining

Både kommunar og fagforeiningar har vore invitert til høyring om dei geografiske driftseiningane sine ansvarsområde og eventuelle endringar i lokalisering av leiinga i dei nye geografiske driftseiningane.

Administrasjonsstad for tenesteeiningar vil bli :

- Nordfjordeid i Nordfjord
- Førde i Sunnfjord
- Sogndal i Sogn
- Knarvik i Nordhordland
- Voss i Indre Hordaland
- Odda i Hardanger
- Husnes i Kvinnherad
- Norheimsund i Kvam, Tysnes og Fusa
- Os i Os og Austevoll
- Askøy i Sotra, Askøy og Øygarden
- Bergen sentrum
- Bergen nord
- Bergen vest
- Bergen sør

Forslaget til val av administrasjonsstader for tenesteeiningane byggjer på det totale arbeidet med nærpolitireforma og endring av tenestestrukturen i Vest politidistrikt. Fleire aktørar og interessentar har vore involvert i arbeidet med endring av tenestestrukturen. Politidistriktet sin samansette arbeidsgruppe og deira rapport, samt risiko- og sårbarheits vurderinga (ROS-

Vest politidistrikt

Bergen
Post: Postboks 285 Sentrum, 5804 BERGEN
Besøk: Allehelgens gate 6

Tlf: 55 55 63 00
Faks: 55 55 65 50
E-post: post.vest@politiet.no

Org. nr.: 983 998 461
Giro:
www.politi.no

vurderinga), drøftingar i styringsgruppa, innspel frå kommunane i deira høyringssvar, har alle vore sentrale i valet av administrasjonssted for politidistriktet sine tenesteiningar.

Dei nye leiarane for dei geografiske driftseiningane må vere mobile og forberedt på å reise rundt i sin driftseining. Administrasjonen til leiaren kan ha ein desentralisert plassering, der administrativ fagkompetanse er lokalisert fleire stader i den geografiske driftseininga. Dei nye administrative einingane vil ikkje medføre oppbygging av ny og større bygningsmasse eller mange nye arbeidsplasser på det staden der leiaren av den geografiske driftseininga vil ha sitt administrasjonssted. Det same gjeld for administrasjonsstaden for dei nye tenesteeiningane, som er lensmanns- og politistasjonsdistrikta. Vi jobbar no med bemanninga av dei nye tenesteiningane i politidistriktet. Fagstillingar vil i stor grad framleis ligge ute i einingane.

Ved spørsmål, ta kontakt med prosjektleiar for "Prosjekt nytt politidistrikt" Helge Stave, tlf. 488 86 342.

Med helsing

Helge Stave
prosjektleiar PNP

Dette dokumentet er elektronisk godkjend.